





## Heilskapleg utvikling med utgangspunkt i miljø og kulturarv





## Småsamfunnssatsinga i Tingvoll

Økokommunen - bedre løsninger for mennesker og miljø



# Innhald

---

INNHOLD	3
SAMANDRAG	4
Gjennomførte tiltak	4
Vurdering av oppnådde resultat i høve til måla som er sett	4
Vurdering av metodikken som er nytta	4
Vurdering av overføringsverdi til andre kommunar	5
Vurdering av i kva grad det er grunnlag for å gå vidare med eit hovudprosjekt OM PROSJEKTET	5
ORGANISERING OG STYRING	7
REKNESKAP 2008-2012	9
Kostnader fordelt på dei ulike delprosjekta:	9
OPPNÅDDE RESULTAT	10
Overordna resultat	10
Erfaringsoverføring og læring	11
Rapport frå delprosjekta	12
TILGRENSANDE PROSJEKT:	14
VERDISKAPINGSREKNESKAP	15
Oversikt over dugnadssinnsats	15
Utarbeidde rapportar	15
INFORMASJON, PROFILERING	16
Vedlegg:	17



# Samandrag

I tildelingsbrevet frå Kommunal- og regionaldepartementet er det spesielt bede om rapportering på gjennomførte tiltak, vurdering av oppnådde resultat, vurdering av metodikken som er nytta, vurdering av overføringsverdi til andre kommunar og vurdering av i kva grad det er grunnlag for å gå vidare med eit hovudprosjekt. Vi har tolka «hovudprosjekt» som etablering og vidare drift av dei ulike delprosjekta.

## Gjennomførte tiltak

Det er gjennomført ei mengd tiltak og aktivitetar, i samsvar med arbeids- og tiltaksplan som er fastsett av styringsgruppa for kvart år. Dette omfattar studieturar, møteverksemd, planarbeid, prosjekteringsarbeid, byggeaktivitetar, arrangement, undervisning, kurs og FoU-verksemd. Nokre av aktivitetane har vore for å prøve ut om nye tiltak kan ha ein marknad, andre aktivitetar har raskt vorte «varige» arrangement. For meir omtale, sjå delprosjektrapportane og årsmeldingane.

## Vurdering av oppnådde resultat i høve til måla som er sett

Resultata er nådd med eit lite unntak for delprosjekt Tingvollen. For delprosjekt Åkerfallet har vi nådd måla for prosjektet, men vidare utvikling er avhengig av at kommunen får avklara tilkomst til bruket. For delprosjekt Tingvoll Økopark er vi komne lenger enn forventa.

Innsatsen i form av prosjektmidlar er på ca 9 millionar kroner over 3 1/2 år, og verdiskapinga av prosjektet er ved utgangen av 2011 er på ca 35 millionar kroner. Dugnadsinnsatsen har vore 235 dagsverk, tilsvarande 440 000 kr.

## Vurdering av metodikken som er nytta

Vegeiaren til KRD i lokalsamfunnsutvikling har vore nytta som mal for prosjektorganisering og gjennomføring. Lokale interessegrupper, folkevalde, administrativt personale i kommunen, næringslivet og engasjerte innbyggjarar har vore brukt som ressursar i prosjektet.


Prosjektskildringa var nokså konkret, men vi starta likevel med ein open fase for å gje rom for nye idear og tankar og skape nye framtidsbilete for dei ulike delprosjekta.

Deretter gjekk vi inn i ein fase med utprøving og mange aktivitetar, før vi igjen konsentrerte aktivitetane og tiltaka om det som peika seg ut som mest relevant og realistisk.

Prosjektmedarbeidarane har hatt stor grad av fridom og har vist eit stort engasjement og alle har jobba systematisk for å nå dei vedtekne måla for prosjektet.

Prosjektet hadde eit sterkt ønske om stor lokal medverknad, men det viste seg vanskeleg å få engasjert svært mange frå næringsliv og lokalsamfunnet elles frå starten av. Etter kvart som konkrete resultat vart tydelege, har interessa auka og vi føler no at prosjektet er godt forankra i lokalsamfunnet som det mest tydelege, spennande og framtidsretta utviklingsarbeidet i kommunen.

Prosjektet hadde kontorplass i Tingvoll næringshage på Bioforsk Økologisk. Dette var eit bevisst val for å sikre forankringa av det største delprosjektet Tingvoll Økopark til eksisterande verksemd på Bioforsk Økologisk og til næringslivet.



## Vurdering av overføringsverdi til andre kommunar

### Erfaringar vi har gjort oss


- ✓ Ei tydeleg satsing på lokalsamfunnet sine eigne fortrinn kan gje resultat på lang sikt.
- ✓ Lokalsamfunnsutvikling er svært langsiktig arbeid, det er viktig å halde fast på verdiar og visjonar, det er nødvendig med god forankring både i den politiske og administrative toppleiringa, og hos alle samarbeidspartane.
- ✓ Dersom det ikkje er samme interesse og forståing i administrasjonen og det politiske miljøet, blir det vanskeleg å nå måla
- ✓ Det er viktig å møte alle som vil engasjere seg med ei positiv haldning - «ja-kultur» er eit stikkord
- ✓ Det er viktig å feire framskritta og milepælane i prosjektet og slik skape begeistring
- ✓ Grasrota må mobiliserast, men ein må ofte nøyne seg med å knyte til seg dei engasjerte eldsjelene og ikkje rekne med å nå alle.
- ✓ Systematisk og gjennomtenkt mediaprofilering gjev økonomisk utteljing.
- ✓ Det er viktig å hente inspirasjon frå alternative miljø.
- ✓ Stabil prosjektleiing er viktig for framdrift og gjennomføring.
- ✓ Det er viktig å knyte til seg fagfolk, gjerne FoU-miljø - til rett tid i prosessen.
- ✓ Mobilisering er tidkrevande, men gode idéar får tilslutning over tid.
- ✓ Uføresette hindringar dukkar opp, og ein må ha ein beredskap på å møte slike.
- ✓ Vi trur det er viktig å ha eit såpass stort prosjekt for å kunne knyte til seg nok ressursar over tid - det motverkar «einsemd» i prosjektleiinga og styrkar fagmiljøet og nettverksarbeidet.
- ✓ Mangfaldet i prosjektet var ei utfordring, men det gjev også innspel og forankring i svært ulike miljø. Dette er ein stor fordel i eit lokalsamfunn.

## Vurdering av i kva grad det er grunnlag for å gå vidare med eit hovudprosjekt

Det er grunnlag for å gå vidare/slutføre arbeidet med etablering av Tingvoll Økopark (delprosjekt 1).

Det er grunnlag for å etablere Åkerfallskulen på varig basis som driftsorganisasjon for Åkerfallet, og vi foreslår å selje garden for å sikre busettinga, og inngå avtale om at kommunen/Åkerfallskulen får bruke låven og Erikstua til kurs og arrangement (delprosjekt 2).

Når det gjeld delprosjekt 3 - Tingvollen, er konklusjonen at dette er ein spennande idé, men i tilfelle ein skal utvikle dette slik det var tenkt, må det etablerast eit nytt prosjekt og setjast av meir ressursar. Vi foreslår å vidareføre dette delprosjektet gjennom tre aktivitetar: Tingvollkonferansen, audiovisuell visning i Tingvoll kyrkje og området rundt, kultur-tur til Thingwall i 2013.



# Om prosjektet

Tingvoll kommune søkte i brev av 22.10.2007 og 28.2.2008 om deltaking i den nasjonale småsamfunnssatsinga i regi av Kommunal- og regionaldepartementet. Prosjektet hadde arbeidstittelen - «Heilskapleg utvikling med utgangspunkt i miljø- og kulturarv». Tingvoll har frå gammalt av ein unik regional posisjon som gammalt kultur- og kunnskapssenter og i nyare tid som mijøkommune. Prosjektet hadde som mål å utnytte desse fortrinna for å bremse fråflyttinga og auke tilflyttinga og å vere ein av dei fremste leverandørane i landet av kunnskap som stimulerer til ei berekraftig lokalsamfunnsutvikling. Det var eit mål å skape nye og spennande arbeidsplassar med utgangspunkt i desse verdiane, å auke bulysten og gjere Tingvoll til eit attraktivt reisemål.

Småsamfunnssatsinga i Tingvoll hadde tre delprosjekt:

### Økologisk kunnskaps- og opplevelingssenter:

Etablere landets første økologiske kunnskaps- og opplevelingssenter på Tingvoll gard, i tilknytning til forskingsmiljøet på Bioforsk Økologisk.

### Åkerfallet:

Utvikle eit midt-norsk folkemusikkcenter på Åkerfallet. Åkerfallet var bustaden til dei to mest kjente nordmørske folkemusikarane, Magnhild Havidal Almhjell og Erik Almhjell, og Tingvoll kommune kjøpte eigedommen i 2007.


### Tingvollen:

Eit internasjonalt kunnskapssenter for lokaldemokrati, miljø og fleirkulturell forståing, i samarbeid med Tingvoll kyrkje og med fokus på Tingvoll som gammal tingstad og kyrkjesenter.

I tillegg til dette vedtok kommunestyret å leggje andre prosjekt - som har tilknytning til delprosjekta - inn under småsamfunnssatsinga:

- forarbeidet med etablering av eit fullskala bioenergianlegg i Tingvollvågen,
- arbeid med etablering av eit regionalt kompetansesenter for sol- og bioenergi
- renovering og brannsikring av Tingvoll kyrkje
- utvikling av området rundt Tingvoll kyrkje - Prestgårdshagen og Tusenårsstaden

Dette går også fram av investeringsplanen som var vedlagt søknaden.



# Organisering og styring

Kommunestyret oppnemnte følgjande styringsgruppe for prosjektet:

Ole Morten Sørvik, ordførar, leiar

Ivar Jonas Nørbech, varaordførar

Jens Petter Olsen, formannskapsmedlem

Peder Hanem Aasprong, leiar kultur- og næringsutvalet

Rådmann Fredrik W Gulbranson

Leiar for kultur- og næringsavdelinga Odd-Arild Bugge

Møre og Romsdal fylkeskommune, Eivind Ryste


Tingvoll næringsforum, Kjell Bulling første halvår, Aslaug Koksvik andre halvår

Turid Strøm, Bioforsk økologisk

Marianne Nystad, leiar Tingvoll museum

Gerd Anne Aarset, prost Tingvoll kyrkje

Kwart delprosjekt har hatt si eiga prosjektgruppe dei to første åra, og sitt eige budsjett.



## Administrasjon

Kristin Marie Sørheim har vore prosjektleiar frå oktober 2008 til 1. november 2010. Gunnlaug Ribe vart tilsett som prosjektmedarbeidar i 2009. Aslaug Koksvik tok over som prosjektleiar i 50 % stilling frå 1.november 2010 og slutta 1. juli 2011. Rannveig Eikrem Jensen har vore tilsett i 50 % stilling frå 1.6.2010 til 30.6.2011, i hovudsak knytt til delprosjekt Åkerfallet.

Prosjektet har kjøpt administrative tenester frå:


- Tingvoll næringsforum
- Bioforsk Økologisk
- Enkeltmannsforetak

Ketil Valde har vore prosjektkoordinator for delprosjektet Tingvoll Økopark i 2009 og 2010, og Turid Strøm i 2011, da Ketil Valde vart tilsett som dagleg leiar i Sol og bioenergisentret. Anne Reiten Gilbert har ansvaret for tenestene som blir levert frå Tingvoll næringsforum.

Prosjektet har hatt kontorplass i Tingvoll næringshage.

I sluttfasen av prosjektet har Kristin Sørheim vore ansvarleg for gjennomføring og rapportering.

Rekneskap har vore ført i Tingvoll kommune sitt rekneskapssystem og revidert som ein del av kommunerekneskapen.



### Mobilisering.



Det er arrangert fleire folkemøte, gjennomført mange arrangement, etablert fleire nettsider og gjennomført dugnader knytt til arrangement og bygging. Prosjektet har hatt ein bevisst strategi på å få oppslag i media om aktivitetar og hendingar. Det er produsert brosjyrer, T-skjorter og andre «småting» for å profilere satsinga og styrke engasjementet. I starten var det fleire aktivitetar for skuleelevar og ungdom (Campus Tingvoll, grûndercamp), seinare har det vore fleire arrangement for vaksne. Av varige møteplassar som er etablert har vi fått Tingvollkonferansen - ein møtearena med tema demokrati, felles nyttårsfeiring på Gunnars plass og ulike hagearrangement på Tingvoll gard. Kvart delprosjekt hadde ei eiga prosjektgruppe dei første to åra, som ein del av

mobiliseringsstrategien.

### Nettverksbygging

Prosjektet har vore på fleire studieturar til andre liknande satsingar i inn- og utland. Vi har styrka koblinga til forskingsmiljø og knytt kontaktar til kyrkja, til næringsliv og bedrifter, både regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Prosjektet har hatt sterkt fokus på gjennomføring og aktivitetar i lokalsamfunnet og mindre på prosjektleiarrolla, administrasjon og interne nettverk i den nasjonale satsinga på lokalsamfunnsutvikling.

Prosjektet kom seint med i den nasjonale satsinga og vart ikkje inkludert i småsamfunnssatsinga i regi av BU-midlane i fylket. I 2010 meldte vi oss på eit tilbod på omdømmeskulen i regi av Distriktsutviklingssentret, men fekk ikkje delta pga stor etterspurnad.


Det er arbeidd med politisk forankring i regionen og nasjonalt. Fylkeskommunen har vist sterk støtte til prosjektet heile tida, gjennom satsinga på sentra for fornybar energi, folkemusikken på Åkerfallet og økoparken.

### Vurdering

Prosjektet kunne hatt nytte av meir samarbeid med andre småsamfunnsprosjekt, både regionalt og nasjonalt. På den andre sida ville dette gått på bekostning av gjennomføringa av sjølve prosjektet. Prosjektet ville vore tent med ei full stilling som prosjektleiar i heile perioden. Slik situasjonen utvikla seg, er vi godt nøgde med dei ressurspersonane vi knytta til prosjektet både i tidleg fase og i sluttfasen, og det styrka det faglege innhaldet i prosjektet. I ettertid kan ein og seie at prosjektet vart svært omfattande med dei tilleggsprosjekta som vart etablert. Dette gjekk særleg ut over arbeidet med kontakt mot andre «tingvollar». Samtidig fekk vi ei god koordinering av heile konseptet «Timeglaset», eit arkitektonisk grep som vart til gjennom konkurranse om utforming av uteområdet rundt kyrkja og Tingvoll gard. Forslaget knyter saman gammal og ny tid, historie og framtid, gjennom måten ein bind saman tingvollen, kyrkja og økoparken.

Det var eit stort fagleg spenn mellom delprosjekta, men etter kvart meiner vi at vi greidde å knyte dei saman slik at dei utfylte og styrka kvarandre. Med eit så omfattande prosjekt med mange ulike satsingar, har det vore ein stor fordel med lokalkunnskap i projektadministrasjonen.

Vi meiner prosjektet har innfridd forventningane.



# Rekneskap 2008-2012

Tala er henta direkte frå kommunen sitt rekneskapsprogram agresso og viser utbetalingar, inntekter og tilsegn som er bokført i perioden. Rekneskapen blir revidert av distriktsrevisjonen.

	2008	2009	2010	2011	Sum
<b>Prosjektleiing</b>	88 130	1 244 575	680 872	186 214	2 199 791
<b>Husleige/kontorleige</b>	5 125	58 660	42 803	40 018	146 606
<b>Administrative kostnader</b>	57 744	150 000	150 000	150 000	507 744
<b>Kontorkostnader</b>	12 006	56 454	44 770	10 527	123 757
<b>Prosjektgruppe</b>		36 754	28 819	5 993	71 566
<b>Kjøp av tenester</b>		728 246	889 627	580 628	2 198 501
<b>Nettverksbygging/kurs/studieturar</b>	22 117	285 522	658 700	35 575	1 001 914
<b>Skyss-/reiseutgifter</b>		36 754	27 662	6 882	71 298
<b>Kjøp av tenester Bioforsk Økologisk</b>	125 000	700 000	700 000	700 000	2 225 000
<b>Eige arbeid Tingvoll kommune</b>	200 000	200 000	113 000		513 000
<b>Eige arbeid Bioforsk Økologisk</b>	25 000	250 000	250 000	200 000	725 000
<b>Mva-refusjon</b>		-460 765			-460 000
<b>Ekstraordinære inntekter</b>		- 457 500	-226 553	-30 189	-714 242
<b>Sum</b>					8 609 935
<b>Dugnad/gåver</b>		61 259	262 250	99 750	423 259
<b>Sum</b>					<b>9 033 194</b>

*\*)Omfattar nokre postar som kunne vore ført under «kjøp av tenester», men som vi har valt å føre under nettverksbygging: t.d. utvikling av Magnhildspelet, arbeid med Prestgårdshagen, Tusenårsstaden, Tingvollkonferansen, prestekurset, filtprosjektet Room for everyone .*

Ekstraordinære inntekter og refusjonar på grunn av at prosjektet vart utvida, gjer at det står att ubrukte midlar kr 588 378 som kan setjast inn som kapital til vidareføring av prosjekta Tingvoll Økopark og Tingvollen (Tingvollkonferansen og formidling i Tingvoll kyrkje).

## Kostnader fordelt på dei ulike delprosjekta:

Nedanfor er kostnadene fordelt på dei tre delprosjekta. Som det går fram er det Tingvoll Økopark som er den tyngste satsinga, medan dei to andre delprosjekta er om lag jambyrdige.

Delprosjekt	Kroner	Prosent
Tingvoll Økopark	6,3 mill. kr	69,7
Åkerfallet	1,5 mill. kr	16,8
Tingvollen	1,2 mill. kr	13,5



# Oppnådde resultat

## Overordna resultat

Vi har summert resultata - slik vi vurderer dei - ut frå korleis prosjektet har verka inn på omdømmet til kommunen, om vi har skapt attraktive arbeidsplassar og bulyst og om vi har greidd å markere oss som eit senter for lokaldemokrati, berekraftig utvikling og nordmørsk folkemusikk.

*Liten, jeg? Jeg er akkurat passe stor.  
Fyller meg selv på langs og på tvers,  
fra øverst til nederst. Er du større enn  
deg selv, kanskje?  
Mauren av Inger Hagerup*

### Miljø og berekraft:

Tingvoll kommune har gjennom dette arbeidet styrka sitt omdømme som miljøkommune. Kommunen fekk i 2011 Balanseprisen frå stiftinga Idébanken, som ein av dei fire første kommunane i Norden som får denne prisen for langvarig arbeid for berekraftig lokalsamfunnsutvikling.

Stiftinga NORSØK - som er hovudsete for etableringa Tingvoll Økopark, fekk Møre og Romsdal fylkeskommunen sin miljøpris for 2011.

Tingvoll sol- og bioenergisenter er etablert, mellom anna med eit undervisningsopplegg for alle 6.klassane i kommunane Kristiansund, Averøy, Aure, Smøla og Tingvoll.

Bioforsk Økologisk har tilsett 8 nye medarbeidarar innanfor økologisk FoU-verksemd, 4 av desse med PhD-grad, og 4 av desse har utanlandsk bakgrunn (Etiopia, Danmark, Nederland, England). Arbeidet med Tingvoll Økopark har vore medverkande til å sikre fleire nye forskingsprosjekt til Bioforsk Økologisk. Det har vore lett å rekruttere godt kvalifisert arbeidskraft til kommunen. Prosjektet er sterkt medverkande til å styrke Tingvoll som kunnskapssenter innanfor berekraftig utvikling.

### Folkemusikk

Vi har greidd å markere oss som ein attraktiv stad for kurs og konserter i folkemusikk og folkedans. Det har vorte større merksemd rundt nordmørstradisjonen, både lokalt og regionalt. Vi har kartlagt at det er ein marknad for ein slik folkemusikkstad.

Vi har med glede merka oss at sentrale folkemusikkaktørar sluttar opp om aktivitetene på Åkerfallet.

### Demokrati

Tingvollkonferansen - med tema demokrati - er etablert som ein varig aktivitet. Vi har også gjennomført fleire prosjekt med fleirkulturelt fokus, m.a. samarbeidsprosjekt med asylmottaket og fleirkulturelt senter. Politikarskolen i niljølære er gjennomført fleire gonger og kan bli ein varig aktivitet i økoparken. Det å engasjere innbyggjarane i aktivitetar for å bygge lokalsamfunn er i seg sjølv ein viktig del av lokaldemokratiet.

### Verdiskaping

Prosjektet er på fleire område komme lenger enn føresett i søknaden, og det kan leggjast fram ein verdirekneskap som viser ei samla verdiskaping (ex prosjektkostnader) på 35 mill. kr ut frå ein prosjektkostnad på ca. 9 mill. kr.

I regi av prosjektet har vi registrert ca. 3 000 besökande pr år til aktivitetane i delprosjekta, og vi meiner realisering av prosjekta har eit stort potensiale for tilreisande.

Folketalet i 2011 har auka, slik at Tingvoll er ein av få kommunar på Nordmøre med folketalsvekst.



## Erfaringsoverføring og læring

Nedanfor er lista opp nokre erfaringar vi har gjort oss. Vi vil gjennomføre ein sluttkonferanse, med fokus på erfaringsoverføring og læring, og resultatet frå denne kan formidlast som eit vedlegg til sluttrapporten.

- ✓ Ei tydeleg satsing på lokalsamfunnet sine eigne fortrinn kan gje resultat på lang sikt.
- ✓ Lokalsamfunnsutvikling er svært langsiktig arbeid, det er viktig å halde fast på verdiar og visjonar, det er nødvendig med god forankring både i den politiske og administrative toppliinga, og hos alle samarbeidspartane.
- ✓ Dersom det ikkje er samme interesse og forståing i administrasjonen og det politiske miljøet, blir det vanskeleg å nå måla
- ✓ Det er viktig å møte alle som vil engasjere seg med ei positiv haldning - «ja-kultur» er eit stikkord
- ✓ Det er viktig å feire framskridta og milepælane i prosjektet og slik skape begeistring
- ✓ Grasrota må mobiliserast, men ein må ofte nøye seg med å knyte til seg dei engasjerte eldsjelene og ikkje rekne med å nå alle.
- ✓ Systematisk og gjennomtenkt mediaprofilering gjev økonomisk utteljing.
- ✓ Det er viktig å hente inspirasjon frå alternative miljø.
- ✓ Stabil prosjektleiing er viktig for framdrift og gjennomføring.
- ✓ Det er viktig å knyte til seg fagfolk, gjerne FoU-miljø - til rett tid i prosessen.
- ✓ Mobilisering er tidkrevande, men gode idéar får tilslutning over tid.
- ✓ Uføresette hindringar dukkar opp, og ein må ha ein beredskap på å møte slike.
- ✓ Vi trur det er viktig å ha eit såpass stort prosjekt for å kunne knyte til seg nok ressursar over tid - det motverkar «einsemd» i prosjektleiinga og styrkar fagmiljøet og nettverksarbeidet.
- ✓ Mangfaldet i prosjektet var ei utfordring, men det gjev også innspel og forankring i svært ulike miljø. Dette er ein stor fordel i eit lokalsamfunn.



## Rapport frå delprosjekta

Vedlagt fullstendig rapport frå dei tre delprosjekta. Nedanfor eit samandrag frå desse:

### Tingvoll økopark



Tingvoll Økopark var eit «stort, hårete mål», men står no framfor realisering. Det faglege innhaldet er omtala i tre rapportar om hovudsatsingsområda hage, mat og dyrevelferd. I tillegg har vi satsinga på fornybar energi og landbruk. Målgruppene for økoparken er barn og vaksne i arbeid og fritid.

Skisseforslag til ombygging av storlåven er utarbeidd av Vatne arkitekter, og detaljprosjektering av første byggetrinn er også ferdig. Vi har fått utarbeidd eit konsept for opplevelingar og attraksjonar frå Expology, innanfor ei kostnadsramme for produksjonen på 10 mill kr.

Forretningsplan er utarbeidd, selskapsorganisering er bestemt og teikningsinnbyding til Tingvoll Økopark eiendom AS er sendt ut. Møre og Romsdal fylkeskommune og Tingvoll kommune har sagt ja til å delta i etableringa, og det som no står att er å få med Staten og private aktørar.

Norsøk sine satsingar er ein del av den framtidige økoparken. Norsøk har bygd nytt fjøs for mjølkeproduksjon. Det er det første runde fjøset for mjølkeproduksjon i Norge, bygd i tre og spesielt tilrettelagt for god dyrevelferd og forsøk. I tilknytning til fjøset er det bygd biogassanlegg som er basert på gjødsel frå husdyra og avfall frå fiskeoljeindustrien. Vi har fått støtte frå Innovasjon Norge til ein ny type biogassreaktor, som skal utprøvast på Tingvoll gard. Sol- og bioenergisentret er også etablert, slik at ein stor del av den framtidige økoparken er allereie ferdigbygd.

Det er gjennomført ulike aktivitetar og arrangement, Tingvoll gard har hatt om lag 2 500 besøkande i 2011, og prosjektet har vore synleg i media og i lokalsamfunnet.


Ein viktig tilleggsverdi er at Bioforsk Økologisk har som resultat av satsinga fått fleire nye forskingsprosjekt knytt til bioenergi, biogass og biorest, økologisk mat og hagebruk og dyrevelferd.

### Tingvollen



Idéen med dette delprosjektet var at kyrkja og den gamle tingstaden - saman med det nye økologiske kunnskaps- og opplevelingsenteret - kan bli ein institusjon for opplæring i lokaldemokrati, menneskerettar og berekraftig utvikling. Vi ønska å finne fram til og knyte kontakt med tingvollane rundt Nordsjøen. Det er målet vårt å få til eit samarbeid mellom skole, forsking, kyrkje, kulturliv og næringsliv på desse stadene.

Arbeidet med å knyte kontakt til andre tingvollar har ikkje lykkast i den grad vi ønska, noko som skuldast at vi ikkje hadde nok ressursar i prosjektet til å halde fokus og framdrift på alle oppgåvene. Men det er gjennomført mange vellykka aktivitetar for å etablere Tingvoll som eit senter for lokaldemokrati, kultur og historie. Tingvollkonferansen er etablert fast som eit årleg arrangement med tema demokrati og eit eige styre. Kontakten mellom Tingvoll



## Småsamfunnssatsinga i Tingvoll

Økokommunen - bedre løsninger for mennesker og miljø

barne- og ungdomsskole og Thingwall er oppretthalde og vi har knytt nye kontakta til Thingwall. Arbeidet med restaurering og tilrettelegging av formidling i og rundt Tingvoll kyrkje er nesten slutført, og det er gjort eit viktig arbeid med å knyte kyrkja og økoparken saman gjennom eit arkitektonisk grep -Timeglaset - som knyter saman gammal og ny tid. Prosjekteringen er gjennomført, arbeidet kan gjennomførast etter kvart som finansiering og godkjenning frå Riksantikvaren er på plass.

### Åkerfallet



Tingvoll kommunestyre kjøpte Åkerfallet i 2007. Eitt av delprosjekta var «Åkerfallet», der målsettinga var å skape eit senter for folkemusikk, med utgangspunkt i arven etter Magnhild og Erik Almhjell.

Magnhild Almhjell (1894-1985) var tradisjonsberar av folketonesongen i vårt distrikt, og Erik Almhjell (1881-1963) spelemann i samme tradisjon.

Det vart tidleg klart at Åkerfallet trond forpaktarar for å halde garden i hevd, dette kom på plass i løpet av hausten 2009 med utskifting forsommaren 2010. Garden er no forpaka bort til 2014.

Åkerfallkonserten har fortsett som eit hovudprosjekt på staden med eigen komité støtta av Småsamfunnssatsinga. Åkerfallkonserten vart arrangert for 10. gong i 2011. Det har vore prøva ut mange alternative arrangement for å finne fram til kva type arrangement som passar på plassen, og kva som passar marknaden best. Interessa for å ha eit tilbud og eit fagmiljø kring vår regionale kulturarv har vore stor. Dette er ikkje berre i interessa til Tingvoll og innbyggjarane i Tingvoll, men for Nordmøre, Møre og Romsdal og Midt-Norge.

Ei lang rekke aktivitetar har vore utprøvd på Åkerfallet, dei fleste med godt resultat. Det har vore eit mål å legge til rette for aktivitet og informasjon som realistisk kan la seg gjennomføre utan for stor bruk av økonomiske og menneskelege ressursar.

Åkerfallkonserten, tilbod til skuleklassar og den kulturelle skulesekken er aktivitetar vi foreslår vidareført gjennom ei 50 % stilling knytt til Åkerfallet og Åkerfallskulen. Vi foreslår anten vidare forpakting av garden, eller sal til noverande forpaktarar med opsjon på å bruke nokre av husa til arrangement. Nivå og omfang av aktiviteten er tilpassa marknaden og økonomiske ressursar.



# Tilgrensande prosjekt:

## Tingvoll sol- og bioenergisenter



Tingvoll sol- og bioenergisenter er etablert som eitt av tre senter for fornybar energi i regi av Møre og Romsdal fylkeskommune. Aktiviteten er sikra gjennom avtalar med fylkeskommunen, Tingvoll kommune og Nordmøre energiverk AS. Sentret sysselsett ca 1,5 årsverk. Målgrupper er skulelevar, lærarar og folk flest som er interessert i kunnskap om fornybar energi, med særleg vekt på sol- og bioenergi. Sentret er også knytta opp mot forskings- og utviklingsprosjekt. Mellom anna har sentret prosjektert eit moderne sol- og biovarmeanlegg for prestebustaden. Omsetninga er ca 1,5 mill kr /år, og besøkstalet var i 2011 over 1200. Sentret vil bli ein

integrert del av Tingvoll Økopark. Se [www.sologbio.no](http://www.sologbio.no)

## Tingvoll kyrkje




Småsamfunnssatsinga fekk i oppdrag å administrere restaureringa og brannsikring av Tingvoll kyrkje, ei av dei mest spesielle steinkyrkjene i landet frå mellomalderen. Resatureringa er kostnadsrekna til ca 22 mill kr, og arbeidet er no om lag halvferdig. Arbeidet er finansiert av Tingvoll kommune, Riksantikvaren og Opplysningsvesenet fond. Kyrkja var sist restaurert i 1926, så det er ein omfattande jobb som skal gjerast frå kjellar via kyrkjerom og til tårn. Planlegging og prosjektering av området rundt kyrkja, Prestgårdshagen og Tusenårsstaden hører også med. Planene er ferdig utarbeidd frå arkitekt og godkjent av lokale arbeids- og styringsgrupper, men Riksantikvaren har ikkje gjeve tilslutning til planene for uteområdet enda. Gjennom å nytte Småsamfunnssatsinga som prosjektorganisasjon har ein fått høve til å sjå heile området frå kyrkja og prestegården til Tingvoll gard og den nye økoparken i samanheng, og skapt området og omgrepene «Timeglaset».

## Tingvoll Biovarme AS



Småsamfunnssatsinga fekk i oppdrag å gjennomføre eit forprosjekt for etablering av flisfyringsanlegg i Tingvollvågen, knytt til sol- og bioenergisentret på Tingvoll gard. Forprosjektet vart gjennomført av Sweco AS. Vidareføring av arbeidet vart gjort av det nye selskapet Tingvoll Biovarme AS, som består av Tingvoll kommune og Nordmøre energiverk AS. Anlegget er no under bygging, og venta oppstart er august 2012. Anlegget skal levere ca 3 GWh.



# Verdiskapingsrekneskap

Oversikt over tiltak - anten det er investering eller drift - som er komme i gang og finansiert som eit resultat av arbeidet i Småsamfunnssatsinga, og som kjem i tillegg til prosjektrekneskapen.

Tiltak	2009	2010	2011	Sum
<b>Brannsikring Tingvoll kyrkje</b>	3 000 000	1 700 000		4 700 000
<b>Restaurering Tingvoll kyrkje</b>	750 000	1 500 000	2 500 000	4 750 000
<b>Åkerfallet</b>	270 000	180 000		450 000
<b>Fjøs/biogassanlegg Norsøk/Biopower</b>	9 400 000	5 900 000	2 000 000	17 300 000
<b>Forprosjekt biodam</b>	100 000			100 000
<b>Sol- og bioenergisenter</b>	3 180 000	300 000	300 000	3 780 000
<b>Fjernvarmenett m.m.</b>			4 000 000	4 000 000
<b>Dugnad</b>				440 000
<b>Sum</b>	<b>16 700 000</b>	<b>9 600 000</b>	<b>8 800 000</b>	<b>34 940 000</b>

## Oversikt over dugnadsinnsats

Dugnadsinnsats I dagsverk	2009	2010	2011	Sum
Tingvoll Økopark	5	12	10	27
Åkerfalllet	27	30	10	57
Tingvollen	3	5	3	11
Sol- og bioenergisenter		64	12	76
Norsøk		32	22	54
<b>Sum</b>	<b>35</b>	<b>143</b>	<b>57</b>	<b>235</b>

Dersom ein reknar ein timepris på kr 250, utgjer dugnadsinnsatsen kr 440 625.

## Utarbeidde rapportar

Oppsummeringar

Forprosjekt Tingvoll Økopark

Arbeidsgrupperapportar - Tingvoll Økopark

Forretningsplan for Tingvoll Økopark

Teikningsinnbyding og stiftingsdokument for Tingvoll Økopark


Sluttrapportar for delprosjekta og hovudprosjektet

Evaluatingsrapport Tingvollkonferansen

Oppsummeringar og evalueringar av alle andre arrangement

Sluttrapport Magnhildspelet

Årsrapportar for restaurering av Tingvoll kyrkje.



## Småsamfunnssatsinga i Tingvoll

Økokommunen - bedre løsninger for mennesker og miljø

# Informasjon, profiliering



I 2011 har vi lagt ut informasjon på Tingvoll net og på TV-skjermar rundt i kommunen.

Det er montert web-kamera på Tingvoll gard for å dekkje fjøsbygginga m.m., og laga ein kortfilm av byggeprosjektet.

Sol- og bioenergisentret har si eiga nettside under Bioforsk, og eiga facebookside.

Åkerfallet har eiga nettside og er på facebook, sjå [www.akerfallet.no](http://www.akerfallet.no)

Tingvollkonferansen har også si eiga nettside, [www.tingvollkonferansen.no](http://www.tingvollkonferansen.no)

Vi har annonsert i lokalaviser og Lokalguiden og elles prøvd å få inn stoff i media når det har vore aktuelt.

Det er produsert roll-ups og plakatar om økoparken.

Det er teke ei mengd bilde og arkivert til seinare bruk.

Vi deltok på Dyregod-dagane i Batnfjord på stand saman med Bioforsk Økologisk.

Informasjonsmateriell er sett opp i butikksentret.

Serien Grøn Glede frå Stjernehagen gjekk på NRK.

Prosjektet er presentert for fylkeskommunen, for Landbruks- og matdepartementet, for fleire stortingspolitikarar, ved utdelinga av Balanseprisen til Tingvoll kommune og for alle besøkande på Tingvoll gard.

Tingvoll kommune mottok i 2011 Balanseprisen frå stiftinga Idèbanken, som ein av 4 foregangskommunar i Norden innan berekraftig utvikling. NORSØK mottok fylkeskommunens miljøpris for 2011. Kirsty McKinnon frå Bioforsk Økologisk og Christin Løkke frå Tingvoll barne- og ungdomsskole mottok Matkulturprisen til Ingrid Espelid Hovig. Unni Boksasp fekk spelemannsprisne i 2010. ØysteinSandbukt var nominert til Spelemannsprisen i 2011. Alt dette er god marknadsføring av småsamfunnsatsinga.

Prosjektet har hatt mange oppslag i både lokale og nasjonale media.



## Småsamfunnssatsinga i Tingvoll

Økocommune - bedre løsninger for mennesker og miljø

### Vedlegg:

1. Rapport delprosjekt Tingvoll Økopark
2. Rapport delprosjekt Åkerfallet
3. Rapport delprosjekt Tingvollen
4. Oversikt over mediaoppslag og profilering
5. Årsmelding 2009, 2010, 2011